

MØTEPROTOKOLL OMBODSUTVALET

Møtedato: 28.05.2026**Møtestad:** Møterom Søfteland, 3. et.
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:18 - 10:30**Behandla saker:** 04-06/2026

Møteleiar:	Parti:
Gustav Bahun	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Anastasija Ravn Vasiljeva	Uavh
Craig Russell Lundervik Bøthun	SV
Gustav Bahun	FrP
Kristin Søfteland-Larsson	H
Stig Endre Nilsen	FrP

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Kristine Hjartnes	FrP

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Stig Endre Nilsen	FrP

Frå administrasjonen møtte:
Spesialrådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal
Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
04/2026	26/4967 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
05/2026	26/990 Delegering, politisk organisering, saksbehandlingsreglar og godtgjersle 2027-2031 - justeringar etter høyring
06/2026	26/4967 Politisk kvarter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 09.03.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 04/2026, OMBODSUTVALET 28.05.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 09:18

Innkallinga blei godkjent.
Møteprotokoll frå 09.06.2026 blei godkjent.

Merknad til sakliste frå utvalsleiar Gustav Bahun, FrP

- Det er ingen innkomne spørsmål i sak 06/2026 politisk kvarter. Saka utgår

Saklista blei godkjent med merknader.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 09.03.2026 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med merknader.

05/2026 - DELEGERING, POLITISK ORGANISERING, SAKSBEHANDLINGSREGLAR OG GODTGJERSLE 2027-2031 - JUSTERINGAR ETTER HØYRING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ombudsutvalet ber om at utkasta til reglement blir endra og oppdaterte etter høyringa, i tråd med vurderingane frå kommunedirektøren slik dei framgår av saka.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigstillast reglementa, og deretter leggja dei fram for endeleg vedtak i kommunestyret

Behandling og vedtak i sak 05/2026, OMBODSUTVALET 28.05.2026

Framlegg til vedtak frå Craig Russell Lundervik Bøthun , SV - Sosialistisk venstreparti Kalender og åpenhet

I regelverket Politisk organisering og delegering, kapittel Ordførar (varaordførar), punkt 12 under Andre oppgåver for ordførar:

Endre hele punktet til «Ordførar sin kalender skal vera open, oppdatert og tilgjengeleg.»

Framlegg til vedtak frå Craig Russell Lundervik Bøthun , SV - Sosialistisk venstreparti Innkalling og sakliste til formannskapet

I regelverket Saksbehandlingsreglar, punkt 4.1:

Legge til nytt kulepunkt under unntakene, helt sist i foreslått tekst: «Formannskapet skal ha innkalling og sakliste minst 14 dagar før møtet.»

Framlegg til vedtak frå Craig Russell Lundervik Bøthun , SV - Sosialistisk venstreparti

Prosentsats eller kronebeløp, og spørsmål om årlig regulering av godtgjørelser

Under Forskrift om godtgjersle, § 6:

Alle faste kronebeløp i § 6 regnes om til og presenteres i prosent av ordførergodtgjørelse. Prosentsatsen baseres på kronebeløpene i det foreliggende utkastet. Følgelig vil kronebeløpet på godtgjørelsene reguleres årlig i takt med ordførergodtgjørelse. Ny sats for godtgjørelser gjelder fra og med 1. oktober hvert år.

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet

05/2026 Delegering, politisk organisering, saksbehandlingsreglar og godtgjersle 2027-2031 -

Tillegg til instillinga

-"Retningslinjer for valnemda i Bjørnafjorden kommune" vert lagt inn i dokumenta før endeleg handsaming i Kommunestyret

Behandling:

Spesialrådgivar Ingrid Tøsdal orienterte i saka.

Det ble lagt frem eit nytt dokument om retningslinjer for valnemnd direkte i møtet. Utvalet ønsker å ta stilling til dette seinare i møte etter dei har hatt anledning til å lesa igjennom dokumentet.

Craig Russel Lundervik Bøthun, SV tok følgjande punkt opp til diskusjon

- ordførarkalender
- Innkalling 14 dager før i formannskapet
- Godtgjersle

Votering:

Kulepunkt fremma av Craig R. L. Bøthun, SV om kalender og åpenhet fekk 1 stemme (1SV) og fall.

Kulepunkt fremma av Craig R. L. Bøthun, SV om innkalling og sakliste til formannskapet fekk 1 stemme (1SV) og fall.

Endringsforslag fremma av Craig R. L. Bøthun, SV om prosentsats eller kronebeløp, og spørsmål om årlig regulering av godtgjørelser fekk 1 stemme (1SV) og fall

Punktet om udokumentert tap blei drøfta.

For å unngå at lista over kven som kan krevje udokumentert inntektstap skal verka innskrenkande, drøfta utvalet dei to kulepunktta til ny tekst og vedtok kulepunkt 1. Utvalet stadfesta at slikt tap må sannsynleggjerast.

Møtet blei midlertidig heva kl. 10:05

Møtet blei sett att kl. 10:16

Votering:

Kulepunkt fremma av Gustav Bahun, FrP om å legge retningslinjer for valnemnda i Bjørnafjorden kommune inn i dokumenta blei einstemmig vedtatt.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 4 stemmer (2FrP, 1H, 1Uavh.) mot 1 stemme (1SV) og blei vedtatt.

Møtet blei heva kl. 10:30

Vedtak:

Ombudsutvalet ber om at utkasta til reglement blir endra og oppdaterte etter høyringa, i tråd med vurderingane frå kommunedirektøren slik dei framgår av saka.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigstillare reglementa, og deretter leggja dei fram for endeleg vedtak i kommunestyret

"Retningslinjer for valnemda i Bjørnafjorden kommune" vert lagt inn i dokumenta før endeleg handsaming i Kommunestyret

06/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 06/2026, OMBODSUTVALET 28.05.2026

Behandling:

Det er ingen innkomne spørsmål til politisk kvarter. Saka utgår.

Vedtak:

Saka utgår.